mene. Pasientane har ofte va

# Nytt nei til vindmøller

**Formannskapet i Haram vil ikkje ha vindmøller på Haramsøya. Med seks mot to røyster sa fleirtalet nei til dei reduserte utbyggingsplanane til Haram Kraft AS.**

Birgit Vartdal
birgit.vartdal@smp.no

**VINDKRAFT.** For andre gong på under eitt år var landbaserte vindmøller tema for politikarane. Etter å ha møtt stor motstand då dei første planane om vindmøller på Haramsøya og Flemsøy/Skuløy vart presenterte, har utbyggjar Haram Kraft AS redusert prosjektet.

I staden for å plassere 21 vindturbinar på Haramsøya og fire på toppen av Flemsøya, nøyer selskapet seg no med 17 møller på Haramsøya. Til gjengjeld vert turbinane og vengediameteren på desse møllene større enn i dei opphavlege planane.

## Positiv rådmann

Det var dette reduserte alternativet politikarane i går skulle ta stilling til. Rådmann Jan Petter Eide hadde på førehand skrive ei positiv tilråding, men ein fleirtalskonstellasjon, samansett av Arbeiderpartiet, Uavhengig valliste, Venstre og Høgre, ville det annleis. Trond Seth (Ap) varsla tidleg at dei hadde forfatta eit fellesframlegg som gjekk mot planane, fordi dei meinte at også dette alternativet ville vere eit for stort inngrep i naturen. Etter at Torhild Rogne Haram gjekk frå som inhabil, vart ordførar Oddbjørn Vatne (Sp) og Ragnar Tennfjord (KrF) dei einaste som forsvarte vindkraftplanane.

## Energikrise

Ordføraren la vekt på at Møre og Romsdal går mot ei energikrise om ikkje noko vert gjort.

– For det første meiner eg at ei industrikommune som Haram må møte denne utfordringa på ein offensiv måte. Ved å gi konsesjon til dette prosjektet, viser vi at vi vil vere med på å avhjelpe dette problemet. For det andre, har vi her eit selskap som vil investere i Haram. Seier vi nei til dette, er det i så fall første gong vi avviser ein investor, og eg spør meg sjølv kva følgjer det vil få på sikt. Sjølvsagt ser eg at prosjektet vil skjemme landskapet i dei åra vi gir konsesjon for. Men dersom vi yter noko no, kan vi kanskje oppnå velvilje frå storsamfunn og næringsliv på andre måtar, slik Tafjord har gjort, sa han. Vatne la til:

– Samanlikna med gasskraft, er vindkraft gratis.


*Varaordførar Torleiv Rogne (Uavhengig valliste) og Oddbjørn Vatne (Senterpartiet) stor steilt mot kvarandre i synet på landbaserte vindmøller i Haram.*

## Støyplager

Men dette var ikkje Aud Marøy i Uavhengig valliste samd i.

– Vindkraft er ikkje gratis for oss som bur der og får vindmøllene nært innpå oss. Vi må betale med støyplager og ei visuell forringing av landskapet. Haram kommune har vedteke ein kommunedelplan der det heiter at det skal vere godt å bu her. Skal dette gjelde berre for fastlandet? spurte ho.

– Folk som har busett seg på Haramsøya seier at dei kom på grunn av naturen. Dei seier dei vil flytte om dette prosjektet vert ein realitet. Det vil i så fall vere ein tragedie, meiner Marøy.

Ragnar Tennfjord sa han var forundra over standpunktet til Høgre og Arbeiderpartiet i denne saka.

– Eg trudde desse partia var forkjemparar for næringslivet og arbeidslivet, sa han. Det stadfesta Bjørn Sandnes i Høgre at dei var, men i dette tilfellet var prisen for høg, meinte han. Tennfjord på si side sa at han ikkje såg så mange innvendingar mot vindmøller enn dei visuelle.

– Det er sjølvsagt gale nok for dei som bur i nærleiken. Men energisituasjonen i fylket er alvorleg, derfor støttar eg ordføraren sine standpunkt i denne saka. Alle vil ha nytta av meir kraft, men ingen vil ha ulempene, sa han mellom anna.

# Heller få store enn mange små

Direktoratet for naturforvaltning (DN) vil heller ha noen få store vindmølleparker langs kysten enn mange små. Vindmøllelobbyist Harald Dirdal i Havgul AS mener myndighetene nå må velge hvordan vindkraftutbyggingen i Norge skal skje: Konsentrert eller spredt.

Bent Botten
bent.botten@smp.no

**VINDKRAFT.** DN forutser betydelige konflikter knyttet til de fire parkene Havgul AS planlegger utenfor kysten av Møre og Romsdal. Havsul I og II har fått konfliktnivå D, som ifølge DN innebærer «stor konflikt i forhold til nasjonale miljømål». Havsul III og IV kommer enda dårligere ut. De er plassert i konfliktkategori E, som betyr «svært stor konflikt i forhold til nasjonale miljømål», og at «avbøtende tiltak ikke (kan) redusere konflikten».

## – Må velge filosofi

Likevel er Dirdal glad for at DN slår fast at et begrenset antall store vindmølleparker trolig vil være mindre til skade for miljøet enn mange små.

I rapporten står det nemlig også at konflikten pr. KWH vil være større for små anlegg enn for store. Ut fra målet om å minimere miljøkonfliktene vil det være uheldig å plassere mange små anlegg spredt over store områder. «Samlet sett vil store vindkraftanlegg plassert på lokaliteter uten store miljøkonflikter være den klart beste løsningen», skriver DN.

## Negativt for miljøet

Det er Dirdal enig i. Tre av de fire parkene som Havgul AS planlegger blir blant de største i verden, og vil produsere like mye strøm som alle de andre 20 planlagte vindkraftparkene i Midt-Norge til sammen.

– Disse uttalelsene fra DN oppfatter jeg som en klar støtte for vårt syn. Det er ingen tvil om at våre parker vil ha negative miljøkonsekvenser, særlig knyttet til fuglelivet. Men konsekvensene vil være betydelig større hvis man bygger ut mange små anlegg langs hele kysten, sier Dirdal.

– Ser du for deg en kamp mellom store og små utbyggere?

– Nei, fordi dette er en prinsippavgjørelse som det offentlige må ta. Myndighetene er nødt til å velge utbyggingsfilosofi. Skal vi ha mange små vindmølleparker, eller skal vi ha noen få store? Når vegvalget er gjort, må utbyggerne ta resultatet til etterretning, sier Dirdal.

## Planen foreligger

Han påpeker også at for Midt-Norges vedkommende foreligger allerede den samlede planen for vindkraftutbygging som har vært etterlyst.

– Det er bare å se på kartet over innmeldte prosjekter. Det er ikke plass til flere. De utbyggingsstedene som er realistiske langs kysten av Møre og Romsdal og Trøndelag er allerede opptatt. Dermed har man allerede en samlet plan for denne delen av landet, sier Dirdal.

## – Bør ta lærdom

Han viser til utviklingen i Danmark, og mener norske myndigheter bør ta lærdom av hvordan vindkraftutbyggingen har foregått der. Til begynne med skjedde den på land, i regi av små, private aktører.

– Nå skjer nesten all utbygging i Danmark til havs. EU har sagt at de ønsker store, konsentrerte utbygginger. Det er det ikke plass til på land, sier Dirdal.